

Jostein Aksdal



Forskning og forvaltning. Det arkeologiske kjeldepotensial.

Forskning og forvaltning – eit fagleg paradoks?

I samband med forskning på jordbruket sin framvekst og etablering som hovuderverv på Vestlandet, er det naturleg at dei meir spesialiserte faginstansar dreg lasset. I Noreg er det ei todeling av kulturminnevernet der fylkeskommunane er dei som registrerer, og statleg mynde som tek vare på lokalitetane enten gjennom vern eller frigjeving.

Kulturminnevernet slik det er organisert prioriterer på eit vis ikkje forskning. Fagleg er det mykje tilfeldige omstende kring lokalitetane sin kjeldeverdi. Eg vil byrje med påstanden om at det i dag er forvaltingsleddet innan kulturminnevernet som avgjer kva som blir, og kva som ikkje blir gjenstand for nærmare detaljstudiar. Forskaren og institusjonane er slik direkte avhengig av dei sakene og data dei får. Dette er ofte data som er gjort tilgjengeleg ut frå heilt andre samfunnsmessige kriterium enn faglege ynskje. Premissane for kvalitativ datafangst ligg slik ein heilt anna stad enn hjå forskaren og institusjonane.

Med dette utgangspunktet er det bra gjort at ein har kome så langt som ein har, men kor går vegen vidare? Faghistorisk kan ein nokså forenkla seia at ei todeling var naudsynt. Faglege ynskje frå landsdelsmusea i etterkrigsåra gjekk hardt ut over kulturminna. Delegasjonsreglementet er ikkje eit tema her, men avspeglar i sterkare grad eit kulturminnevern knytt opp til eit planfagleg og forvaltingsmessig delegert nivå gjennom kommunale prosessar og integrering av kulturminnevernet i planprosessane. Statleg mynde har og lagt føringar på at ein størst mogleg del av kulturminna skal vernast mot inngrep (Fortid former framtid, utferdingar i en ny kulturminnepolitikk, Noregs offentlige utretningar NOU 2002:1).

Kulturminnevernet i fylkeskommunane har slik i større grad skild mellom dei faglege ynskja og eit omsyn til vern av kulturminne. Dette har ført til ein nesten udiskutabel vernepolitikk, som er skadeleg og verkar til stagnasjon i ei fagleg utvikling av innsikt og kunnskap om forhistoria. Forvaltingsleddet har i aukande grad byrja å ta i bruk kunnskap frå andre fagdisiplinar i sitt virke, slik som botanikk og geologi. Dette er fagdisiplinar som i liten grad samarbeider på tvers. Det er då fagtradisjonane som i alt for stor grad har vore vend innover mot eit forskingsperspektiv. Fylkeskommunane har på si side hatt lita evne til å delta i den faglege diskursen og sjølv bidra til metodeutvikling.

Den arkeologiske registreringa

Vårt bidrag er her henta frå Ulvik i Hardanger. Dette er ei relativ lita bygd som ikkje særmerker seg med tanke på tal funn, eller mengd fornminne. Liggande inst i Hardanger er koplinga til dei ulike arkeologiske periodane og geologi viktig. Planane som då var aktuelle var å ta i bruk eit gammalt jorde, eit beite, til nytt næringsareal (Figur 1). Her hadde vore ein fem til seks gravhaugar, nokre med bautasteinar, men informasjonen er gamal og uviss. Il-flaten er geologisk del av ein større moreneterrasse frå Vambheimselva og til Tysso. I all hovudsak delt mellom gardane Sponheim, Hjelmavoll og Skeie. I dei eldre kjeldene er det fleire opplysingar om funn frå flata. Funn er gjort både på Skeie og på Hjelmavoll. Området eller flaten kalla Il har eit noko brokete historisk eigarskap. I nyare tid har då Il vore lagt til garden Hjelmavoll.




Figur 1. Samanstilling av foto som viser området som var gjenstand for arkeologisk gransking. I etterkant av undersøkinga er det funne to bautasteinar nede på det eldre sagbruksarealet.

Utskiftingskartet frå Sponheim viser at det før 1880 er ei deling av teigar mellom Sponheim og Hjelmavoll på Il. Utskiftingskartet gjev oss fleire viktige informasjonar. Brukar me Gis-verktøy viser kartet oss at dei kjende gravminna, som då låg på flaten, ligg inne på Sponheim sin grunn før 1880-talet (Figur 2).

Den arkeologiske sanninga?

Den arkeologiske granskinga av moreneflatane gav oss ikkje uventa funn. Fleire kokegroper og restar etter eldstadar og raudbrent sand. Dei ulike spora låg delvis over kvarandre og var slik truleg skild i tid.

Mangelen på graver, funn av stolpehol og veggøfter vart påfallande. I eit mikro perspektiv er dette likevel interessante observasjonar. I nordre del av området var det over tre meter med fyllmassar. Fyllmassar som viste oss fleire fasar av førhistorisk aktivitet. I området såg me då spor etter fleire fossile dyrkingar. Åkrar som var halde i hevd i hundreåra før Kristus for så å bli dekt av flaum- og skredmassar. Deretter rydda og dyrka på nytt. Datering Tua-7846 frå dyrkingsslag rett over lag med grus viser ei datering til 1790 ± 30 BP (Figur 3). Ras og ulykker gav oss ikkje berre kunnskap om åkerdrift, men sette oss igjen på sporet av det førhistoriske landskapet.



Figur 2. Samanstilling av utskiftingskart 1882 og topografisk kart frå i dag, med gamle vegfar lagt inn. I tillegg vises sjaktene og enkeltfunn.

Landskapet i førhistorisk tid

Landskapet fram mot vår tid hadde endra seg mykje. Landhevinga og dyrking hadde endra terrenget gradvis, mest umerkeleg for oss. Undersøkinga viser at Prestateigbekken som i dag er byttet mellom gardane Skeie og Hjelmavoll, måtte ha hatt eit anna løp og laga eit markert dalsøkk på den austlegaste flaten. Funna frå registreringa viste at folk i førhistorisk tid brukte desse meir fuktige søkka til åkerland. Ras og skred har då fylt meir og meir opp i søkka. Dette gav indikasjon om at flaten me undersøkte ikkje opphavleg var eit samanhengande areal, men kupert teigar delt opp av flaumstore bekkelar.




Figur 3. Foto av profil i sjakt 7. Dateringane Tua-7846 og Tua-7679 frå profilen viser bruk frå ca 400–200 talet før Kristus for åker nedst til 225–320 etter Kristus for laget over grusmassane.

Strandlinje og landheving

I dei lågare liggande delane av området kunne me observera fleire lagdelingar med grå sand, brun torv og sand og grus. Lag som då låg mest vassrett kunne tyde på at her har vore meir stillestående vatn.

I eldre brev i Bergen museum sitt arkiv finn me opplysningar om at bautasteinar frå området var brukt i ei klopp over ein bekk i den gamle bygdavegen. Denne vart bygd kring 1901 og låg på ein naturleg terskel i terrenget ned mot stranda. Terskelen kan igjen ha verka til å samla opp vatn, vatn som i 1901 vart drenert ut. Området som hadde eit godt tilsig med vatn kan her slik ha vorte demd opp og danna eit tjern eller ile. Ved å kople landskapet til kulturminne og dokumentert historisk aktivitet skimtar me då noko av det førhistoriske landskapet.

Spørsmål om vasstand og landskap gjorde det naturleg å sjå nærmare på lokal landheving. Ei teoretisk landhevingskurve for Il-flaten (Lohne 2006. SeaCurve-v1 - Teoretisk berekning av strandforykvningskurver i Hordaland frå UTM-koordinatar. MS Excel regneark) viser at i det i dette området ikkje var tørt land før knappe tusen år før Kristi fødsel. Ved år null gjekk høgvatnet omlag sju meter høgare enn i dag. Il og størstedelen av Ulvik sentrum har slik vore heilt eller delvis under vatn fram til vikingtid. Landskapet si framtoning i førhistorisk tid vert mykje ulikt slik det er i dag. Nedre del av Il-flaten gjekk frå å vera ei bukt inn frå noverande Køylabukta i eldre del av jernalderen, til ei grunnare vik eller evje i vikingtid, som til slutt enda som tjern og så tørt land. Kulturhistorisk får dette store konsekvensar for oss både i tolking av dei funna me gjorde og dei som er rapportert frå tidlegare tider.



Figur 4. Billed framstilling av strandlinjedata henta frå til landskapet på staden til eit gitt tidspunkt og funnområde. I sjaktene 3, 6, 7 og 8 er det påvist dyrkingsspor. (Lohne, Ø.S. 2006. SeaCurve_v1 – Teoretisk berekning av strandforykvningskurver i Hordaland frå UTM-koordinatar).

Dyrkinga som viser dateringar til den eldste delen av jernalder, sett i relasjon til landhevinga, viser at åkrane må ha lege heilt i stranda. Gravene som me viste hadde vore der, låg alle så nær som to, på ei høgd frå fire meter og oppover. Relaterer me dette til diagrammet over landhevinga finn me at dei har lege på stranda dei med (Figur 5).

Fagleg tolking

Me kan slik fortelje ei lokal søge som har mange sider. For oss arkeologar er dette òg ein runde der me må utfordra oss sjølve. Når me klarer å plassere funna i tid og rom stoppar me gjerne der.

Frigjevingsgravingar som då ligg til grunn for vitenskapleg arbeid er relativt få og ikkje alltid representative. Fylkeskommunane sit med mange små registreringar, arbeid som mest aldri kjem opp og fram til forskingsmiljøa. I seg sjølv er ikkje undersøkinga frå Ulvik banebrytande, men kan på mange måtar vise kor viktig små bitar er i eit større bilete. Kan hende er det skiljet mellom stat og fylke innan kulturminnevernet som på mange måtar har stengt for mykje av den faglege diskursen mellom aktørane.

Då me her ikkje kunne generalisere ei forklaring etter registreringa vart området meir fagleg interessant. Funna og informasjonane trong ei grundigare studie. Ei studie som kunne gje betre svar på både korleis og kvifor, eller helst kvifor ikkje folk hadde nytta området som busetnad?

Jordprofilane kunne lesast og viste dei lokale geologiske hendingane lag på lag i førhistorisk tid. Massane nord i området var tydeleg resultat av ras og flaum frå lia over. Dateringar frå jordprofilen viser at dei fossile åkrane og bekken må ha funnest kring år 100 etter Kristus.


I dei første hundreåra etter år null, var det her ein heilt anna lokal topografi. Her var ikkje ein samanhengande flate som i dag, men eit godt oppstykkja lende.

Kulturhistorisk samanheng

Dette var då åker og strand til garden, som då vart Sponheim. Det eldste kjende tunet på Sponheim har sidan mellomalderen lege eit godt stykke unna. Den gamle naustvegen frå Sponheim til fjorden gjekk opp i frå dette området. Gravene og bautasteinane i dette området har då lagt på same gard. Med hjelp frå dei gamle kjeldene, brev og nyare kunnskap om landhevinga er det då leietrådar til at garden Sponheim kan ha hatt eit strandgravfelt her. I kjeldene er det nemnt tre bautasteinar. I tillegg er det som nemnt nyleg funne to bautasteinar i samband med planering på nærliggande areal.

I alt er det informasjonar om eit gravfelt med minst seks haugar og kan hende fem bautasteinar. Det er få slike felt i Hordaland, mest kjent er nok Årbakka på Tysnes og Sæbøvik på Halsnøy. Felles for desse felte er at dei har gravleggingar frå eldre jernalder og framover. Funna frå Il-flaten viser at gravhaugane ikkje kan vera eldre enn åkrane som er i drift kring år hundre etter Kristus. Bautasteinane er truleg frå slutten av eldre jernalder og framover (Aksdal 2010:170).

Ved å kopla dei arkeologiske funna til geologi set dette oss i stand til å kunne tolke meir om folk sitt samtidige landskap. Me ser at det i hundreåra kring år null var større åkrar her. Gravene som no var bortrydda har lege i, eller over dei gamle åkrane, og med høgare vasstand har òg gravene lege dominerande til på stranda. Dokumentasjonen av bekkar og strandlinje viser at området truleg var lite eigna som fast busetnad.



Figur 5. Kart over Ulvik med kjende førhistoriske tema frå om lag 800 etter Kristus lagt over topografien i dag. Stadnamna er henta frå Ulvik herad sin database.

Oppsummering

Så tilbake til temaet for dette seminaret. Pionerjordbruket er ikkje lett å finne, det er heller ikkje lett å påvise dei rette lokalitetane for dei som registrerer i første omgang. Lokalitetar som fagleg kan setja lys på problemstillingar knytt til jordbruket, som igjen er fagleg relevante og ny vinnande, er mest uråd å finne. No skal det vara usagt om funna på Il er fagleg viktige eller ikkje. Fylkeskommunen gav ikkje funna noko større vekt enn i andre saker. Det var først gjennom arbeidet med føredraget at undersøkinga på Il flaten avdekte eit potensial for formidling. Små saker kan vera viktige brikkar i ein lokal, regional og nasjonal innsikt i forhistoria.

Eit av hovudmomenta her er då at; ikkje berre klarer me å fortelja noko meir om jernalderen sitt jordbruk i indre deler av Hardanger, men vi har òg avdekt viktige deler av gardssoga lokalt. I tillegg har eg prøvd å få fram at denne type saker som oftast ikkje kjem vidare til forskingsmiljøa. Det er heilt andre prosessar som då styrer sakene fram mot ei fagleg undersøking. I denne spesielle saka var det vern som vart spelt inn i planprosessen. Endringar i planane styrte då den vidare utviklinga i saka. Dette er dei prosessane som eg i byrjinga av artikkelen hevdar har heilt andre premisser enn fagleg kvalitet eller ynskjer frå forskarmiljøet.

Etter siste verdskrigen har det skjedd lite på det fagteoretiske nivå, det er først dei siste åra ein har fokusert på større problemstillingar. Dei visuelt viktige fornminna i Hordaland som forsvann i etterkrigstida, gav oss lite ny kunnskap. Forskarmiljøa har òg regionale forskjellar i tilgang på frigjevingsgravningar. Undersøkingar som igjen blir grunnlag for vidare forskning. Ei slik kopling opp mot samfunnsutviklinga har mange fallgroper og særleg er det uheldig når fagmiljø, grunna tid og ressurspress, må prioritere og kan hende prioriterer bort viktige problemstillingar. Moglegvis er det dei mindre og enklare undersøkingane, som har gjeve det beste forskingsmaterialet fram til no.

Fylkeskommunane har eit eige ansvar om å vera fagleg deltakande. Dei faglege vurderingane til kulturminnevernet må vera med i samfunnet sine endelege vektningar. Det er og det regionale leddet som ofte har best kjennskap til lokale og regionale viktige kulturminne. Det som lokalt og regionalt er viktige funn må vurderast opp mot fagleg potensial for ny kunnskap. Spørsmålet som då kan reisast, er om ein fagleg viktig lokalitet, blir eit viktig objekt å verne for framtida?

Drøftinga om fagleg deltaking vert òg meir aktuell i dag, når Staten endrar delegasjonsreglementet og fører over meir mynde etter kulturminnelova til fylkeskommunane. Fylkeskommunane må slik bruke fagleg haldbare metodar og gjere ei datainnsamling som tar vare på eit forskingspotensiale.

Dei arkeologiske forskingsmiljøa synest i for stor grad ukritisk til kjeldetilfanget sitt. Dei er prisgitt dei premissane som det regionale kulturminnevernet set i prosessane. Forvaltingsarkeologien gjer seg meir eller mindre fagleg uttilgjengeleg med registreringsrapportar som er retta mot planleggar og politisk nivå. Utviklinga av arkeologi i Noreg som ein historieforteljande disiplin og viktig samfunnsaktør, går slik sakte.

Det er alltid lettast å sjå kva andre burde ha gjort og me ser gjerne ikkje på vår eigen situasjon. Det er ein kjensgjerning at materialet frå Ulvik truleg aldri ville blitt arbeidd vidare med, og slik ikkje ville fått løyst ut sitt faglege potensial om det ikkje var for dette seminaret.

Summary

How archaeological knowledge is generated is an old discussion, but in Norway a discussion that is almost non-existent. This article investigates how archaeological source material is generated and suggests that there is a clear imbalance between qualitative and quantitative data. The collection of professionally desirable qualitative data is not a cultural heritage priority in Norway. Instead the emphasis is largely on amassing quantitative data from which the minimum information necessary to address planning needs is extracted. The problem is exacerbated by a formal division between the 'archaeological researcher' and the 'archaeologist' in Norwegian cultural heritage management, which negatively influences the reporting of the importance and significance of archaeology to the wider public. Archaeologists tend to report their data in summary form with a minimum of information, largely aimed at resolving planning issues. These reports are often unsuitable as a source in the archaeological research process. Further, not all results of archaeological survey reach the researcher's desk. The archaeological site may have been saved or the planning process stopped. This creates a problem where archaeological studies can be based on incomplete and/or outdated knowledge.

This article also argues that small-scale surveys can have great potential as an archaeological resource. A case study from the municipality of Ulvik in Hardanger describes a situation, where previously unknown knowledge about the landscape, cultural heritage and the results from a relatively small archaeological survey, were used together to address the issue of the origins of agriculture in this part of Norway.

Litteratur

- Aksdal, J. 2010. Frå Ulvik i retteleg gamal tid. *Hardanger historielag årbok* 2010: 165-171.
- Fortid former framtid, utfordringer i en ny kulturminnepolitikk, *Noregs offentlige utredninger* NOU 2002: 1, Miljøverndepartementet.
- Lohne, Ø.S. 2006. *SeaCurve-v1 - Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM-koordinater.*

